# Norske lauvtre

## Eik (*Quercus* spp.)

- store tre, kan bli svært gamle
- to artar: vintereik og sommareik
- veks langs kysten av Sør-Noreg; sommareika litt lenger inn i landet enn vintereika






## Spisslønn (*Acer platanoides*)

- store tre
- store, hårlause blad som sit motsett på kvisten
- veks på Austlandet og langs kysten til Vest-Agder samt nokre stader på Vestlandet






## Osp (*Populus tremula*)

- høge tre, buskar i fjellet
- rett stamme med glatt, grønleg bark
- hann- og ho-aks på eigne hann- og ho-tre (særbu)
- veks på nesten all slags grunn over heile landet






## Lind (*Tilia cordata*)

- store tre, kan bli gamle
- lysegrøne, tynne blad
- hårlause blad, bortsett frå hårduskar i nervevinklane på bladundersida
- lune, sørvendte stader på Austlandet og langs kysten av Sør-Noreg, såvidt også i Nordland






## Hassel (*Corylus avellana*)

- buskar og små tre, ofte forgreina
- hårete blad
- veks på sørvendte stader med mykje lys og varme
- lågareliggande strøk i Sør-Noreg og langs kysten eit stykke opp i Nordland






## Alm (*Ulmus glabra*)

- store tre, kan bli gamle
- ru bladoverflate (korte, stive hår)
- to bladvariantar: smale, jamt tilspissa, eller breie, brått tilspissa med to sideflikar øvst
- veks på varme stader i Sør-Noreg og langs kysten eit stykke opp i Nordland






NATURFAGSENTERET

**Teikningar: Rim Tusvik**

## Or (*Alnus* spp.)

- tre og store buskar
- veks ofte på fuktige stader
- gråorblad: matte, lyse under
- svartorblad: blanke, mørke under
- gråor: vanleg over heile landet
- svartor: Austlandet, langs kysten til Nord-Trøndelag






## Bøk (*Fagus sylvatica*)

- store tre, kan bli gamle
- glatt og gråleg bark
- blanke blad, lysegrøne som unge, seinare mørkegrøne
- veks på næringsrik jord
- finst hovudsakeleg i kyststrøk frå Vestfold til Hordaland






## Selje (*Salix caprea*)

- tre og store buskar
- hårete blad
- hann- og ho-aks på eigne hann- og ho-tre (særbu)
- blomar i tette, ståande aks («gåsungar»)
- veks over heile landet






## Hegg (*Prunus padus*)

- store buskar og tre
- veks helst på næringsrik jord
- finst flekkvis over mesteparten av landet






## Bjørk (*Betula* spp.)

- buskar og tre, kvite stammer
- vanleg bjørk: årsskot utan vorter, veks over heile landet, dannar ofte skoggrensa
- hengebjørk: årsskot med vorter, veks i lavlandet i Sør-Noreg, flekkvis vidare nordover






## Rogn (*Sorbus aucuparia*)

- tre og store buskar
- rett og glatt stamme, sprekk opp på gamle tre
- rogn veks på all slags grunn og toler godt vêr og vind
- vanleg over heile landet






## Ask (*Fraxinus excelsior*)

- store tre, kan bli gamle
- blada og knoppane sit motsett på kvistane
- veks på næringsrik og noko fuktig jord
- Søraustlandet og i kyststrøk nord til Nord-Trøndelag






NATURFAGSENTERET

**Teikningar: Rim Tusvik**